

Kom mai du skjønne milde.

03.05.2019



Snøen låg på marka i dag, fredag 3. mai.

Mange vakna opp til kvite bakkar og snø på blømande tre og buskar i dag. Vegvesenet gjekk ut med varsel om å køyra forsiktig. Det kunne vera glatt på vegen. På Facebook ligg det ute eit uttal av bilete frå nedsnødde hagar og kvite nyklypte plenar. Det som nett var planta i krukker og bedd, er dekt av snø og slaps.

Uskedalen.no har med to motiv frå Eik, eit frå tysdag 1. mai med sauer på grønne beite, eit bilete teke i dag morgon frå det same område.

Den siste strofen på diktet lyder slik:

***Kom derfor mai, du milde, gjør skogen atter grønn,
og la ved bekk og kilde fiolen blomstre skjønn.
Hvor ville jeg dog gjerne at jeg igjen deg så !
Akk, kjære mai, hvor gjerne gadd jeg i marken gå !***

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Øystein Enæs/ Kristian Bringedal



Det same område, torsdag 1. mai.